

2025 Årsmelding

SUNNHORDLANDSRÅDET

ÅRSMELDING 2025 - Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (IPR)

Sunnhordlandsrådet IPR er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Rådet er ein felles politisk arena for regionale spørsmål, og skal vere regional pådrivar og påverknadsorgan for utvikling av Sunnhordland.

Forord

Året 2025 har vore prega av høg aktivitet og viktige strategiske avklaringar.

Samstundes som kommunane står i eit krevjande økonomisk og demografisk landskap, har behovet for sterkare regional samhandling vorte endå tydelegare.

Sunnhordlandsrådet IPR har arbeidd målretta med felles regionale utfordringar innan verdiskaping og næringsutvikling, kompetanse og tilgang på arbeidskraft, samt infrastruktur og mobilitet.

Arbeidet er òg sett i ein større samanheng gjennom oppstarten av Regionstrategi Sunnhordland 2040, som peikar ut langsiktige mål og overordna innsatsområde for utviklinga av regionen.

Gjennom 2025 har Sunnhordlandsrådet IPR, saman med einingane Region Sunnhordland, Bu i Sunnhordland, Visit Sunnhordland, Rein Hardangerfjord og UNESCO Geopark Sunnhordland, teke viktige steg mot å realisere måla våre for

regionen. Me har vore til stades på sentrale arenaer og møteplassar, sørga for at relevante aktørar har tilgang til oppdatert informasjon og bidrege til å knyte menneske, miljø og verksemder tettare saman. Dette omfattar òg eit styrkt samarbeid med naboregionane Hardangerrådet og Haugalandsrådet, der felles utfordringar krev sterkare regional samordning og felles stemme inn mot nasjonale og regionale styresmakter.

Eit tett samarbeid med strategiske partnerar har vore avgjerande gjennom året. Vestland fylkeskommune er ein sentral samarbeidspartnar i arbeidet med regional utvikling, samferdsel, kompetanse og næringsutvikling. Samarbeidet med næringsråda i Sunnhordland, Atheno og Invest in Sunnhordland har styrkt innsatsen for innovasjon, etableringar, kompetanseutvikling og regional attraktivitet. Saman byggjer me nettverk og samarbeidsarenaer som gjer regionen betre

rusta til å møte omstilling og skape nye moglegheiter for vekst.

Vår innsats for ei samordna og effektiv marknadsføring av regionen har bidrege til å styrkje Sunnhordland som ein attraktiv bu- og arbeidsregion, og som eit ynskjeleg reisemål for turistar og besøkande. Dette arbeidet har ikkje berre gagna dei som allereie kallar Sunnhordland for heim, men har òg lagt grunnlaget for å ønskje velkomen nye innbyggjarar, kompetansemiljø og verksemder i åra som kjem.

Årsmeldinga for 2025 speglar engasjementet og innsatsen som er lagt ned gjennom året for å forme ei berekraftig, robust og livskraftig framtid for Sunnhordland – med samarbeid, innovasjon og sterke fellesskap i sentrum.



André Mundal Haukås
Rådsordførar 2024-2026



Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Innhald

Forord.....	02
Om Sunnhordlandsrådet IPR..	04
Arbeidsplassar og nærings- utvikling.....	08
Kompetanse, utdanning og arbeidskraft.....	09
Binde regionen saman.....	10
Tal og fakta.....	11
Tankar om framtida.....	12



Foto: Ranveig M. Nesse



Foto: Ranveig M. Nesse



Foto: Henriette Lien

Om Sunnhordlandsrådet IPR

Sunnhordlandsrådet IPR er ein felles politisk arena for regionale spørsmål, og skal vere regional pådrivar og påverknadsorgan for utvikling av Sunnhordland. Selskapet er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Det er eit interkommunalt politisk råd etter kommunelova kapittel 18, og det er registrert som eige rettssubjekt. Samarbeidet mellom kommunane er forankra i ein samarbeidsavtale. Samarbeidsavtalen beskriv selskapet sine vedtekter, og avtalen er handsama og godkjend i eigarkommunane sine kommunestyre. Sekretariatstenesta vert kjøpt frå Region Sunnhordland IKS.



Sunnhordlandsrådet møtte Hordalandsbenken i januar © Sunnhordlandsrådet

Representantane i Sunnhordlandsrådet er politisk folkevald, og består av ordførarane i eigarkommunane. Kvar representant har to politisk folkevalde personlege vararepresentantar. Arbeidsutvalet (AU) førebur saker til rådsmøta og kan handtere saker som ikkje kan vente til ordinært møte, der rådet har eit avklart standpunkt (til dømes i høyringssaker). AU består av tre ordførarar. Det rullerast annakvart år på kven som utgjer AU. Leiar av AU er og rådsordførarar for Sunnhordlandsrådet.

Frå 2024 til 2026 var det André Mundal Haukås (ordfører Sveio kommune) som var rådsordfører. Kommunedirektørane til eigarkommunane har møte og talerett i Sunnhordlandsrådet sine møter. Det blir halde seks faste møter i året. Det rullerast mellom eigarkommunane på å vere vertskap for møta.

I 2025 såg møteplanen slik ut:

Møter	Jan	Feb	Mars	April	May	Juni	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Nyttårsmøte Vestland fylkeskommune	10										
Møte med Hordalandsbenken + dep.	14-15										
Arbeidsutvalsmøte	31*	21*		15*		22*		3*	21*		
Sunnhordlandsrådet		14		4		6		19	17		4-5
Regionalt formannskapsmøte		14									
Felles AU med Haugalandrådet											
Felles rådsmøte med Haugalandrådet								19			
Felles AU med Hardangerrådet			21*								
Felles rådsmøte med Hardangerrådet				4							
Studietur											
Arendalsuka						11-14					
Staten møter kommunane								14-15			
KS Vestland								14-15			

Stad for møta i Sunnhordlandsrådet:
 14. februar: Tysnes
 4. april: Kvinnherad
 6. juni: Austevoll
 19. september: Karmøy
 17. oktober: Stord
 4-5. desember: Sveio

*Teams møte

Føremål

- Sunnhordlandsrådet IPR skal:
- Vere ein felles arena for drøfting av dei regionale oppgåvene regionen skal ha fokus på.
 - Ivareta oppgåver knytt til regional utvikling når det gjeld samhandling mellom kommunane og iverksetjing av felles tiltak.
 - Innstille på felles løysingar til kommunestyra når det er behov for samordna løysingar i regionen.
 - Ha fokus på utvikling av næringslivet i regionen, samferdsel/ infrastruktur innad i regionen samt inn til regionen, og tenester/ oppgåver som det er naturleg at heile regionen arbeider samla med.
 - Vedta bruk av regionrådets budsjett etter retningslinjene som kommunestyra har vedtatt.

Sunnhordlandsrådet IPR



**Bente Kari Sletten
Taranger**
Ordfører Austevoll kommune



Morten Helland
Ordfører Bømlo kommune



**Mette Heidi
Bergsvåg Ekrheim**
Ordfører Etne kommune



Wenche Tislevoll
Ordfører Fitjar kommune



Vegard Bjørnevik
Ordfører Kvinnherad
kommune



Sigbjørn Framnes
Ordfører Stord kommune



**André Mundal
Haukås**
Ordfører Sveio kommune



Synnøve Bakke
Ordfører Tysnes kommune

REGIONAL PÅDRIVAR OG POLITISK PÅVERKNADSORGAN

I 2025 har Sunnhordlandsrådet gjennomført seks ordinære råds møter og AU møter, i tråd med vedteken møteplan. Rådet har handsama høyringar og fråsegner, drøfta strategisk retning for vidare arbeid, og teke initiativ til å sjå på moglegheiter for ytterlegare interkommunalt samarbeid om oppgåver/tenester der regionen kan stå sterkare saman. Rådet har òg delteke på møteplassar med Vestland fylkeskommune og samarbeidd med naboregionar, særleg Haugalandrådet og Hardangerrådet. Det har og vore eit tett samarbeid med næringslivet, via bedriftsbesøk og møter med næringsråda og Atheno.

Regionalt er samferdsel, kollektivtransport, kraftmangel, næringsutvikling, omdømmebygging, reiseliv, kommunale tenester dei viktigaste stikkorda for kva ein samarbeider om politisk. Det peika seg særskild ut eit aukande behov innan helse- og omsorgstenestene, kor ein opplever ei auke både innan eldre og yngre som treng hjelp. I mars 2025 arrangerte me felles Formannskapskonferanse med eit fokus på korleis auke omstillingstakta i helse- og omsorgssektoren.

Sunnhordlandsrådet IPR hadde i januar 2025 møter i Oslo med Hordalandsbenken, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Energidepartement, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Næring- og fiskeridepartementet og samferdselsdepartementet. Nokon av tema som er blitt fremja er behovet for betre vegar, eit auka kraftbehov, betre helse- og omsorgstilbod, havbruksmeldinga, ferjeavløysingsmidlar, reiselivet sine interesser og inntektssystemet til kommunane. Gjennom desse samtalanane håpar delegasjonen å styrke samarbeidet mellom lokalt og nasjonalt nivå.

I 2025 sende Sunnhordlandsrådet følgjande fråsegner som er viktige for regionen:

Forslag om endring i mellombels forskrift om bruk av flaskehalsinntekter
(Felles fråsegn med Haugalandrådet)

Ferjeambod Hordland

Konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg

Planprogram for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland

Sunnhordlandsruta er avgjerande for region og næringsliv – den må utviklast og styrkast

Endring i budsjett- og regnskapsforskriften og i selvkostforskriften

Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningssplan 2028–2033

Meld. St. 24 (2024-2025), Havbruksmeldinga

NVE 66(132) kv Fitjar-Tysnes og ny Tjøreneset transformatorstasjon



REGIONSTRATEGI SUNNHORDLAND 2040

Bakgrunnen for å iverksette denne analysen, er at det i samband med budsjettarbeidet i eigarkommunane har det vorte reist spørsmål om verdien av delar av prosjektporteføljen til Region Sunnhordland IKS. Fleire kommunar har mellom anna medlemskap i fleire destinasjonsselskap og opplever overlapp og uklare rolleavklaringar.

Analysen tek utgangspunkt i to hovudspørsmål: kva verdi prosjektporteføljen har for kommunane og regionen, og kva konsekvensar ei eventuell nedlegging eller omorganisering av aktivitetane kan få.

I tillegg er det vurdert kva oppgåver som eventuelt kan organiserast som interkommunalt samarbeid gjennom selskapet.

I løpet av prosessen blei rolleavklaring mellom selskapa Sunnhordlandsrådet IPR og Region Sunnhordland IKS avklart.

Sunnhordlandsrådet IPR set den overordna strategien og dagsorden for regionen.

Region Sunnhordland IKS er verktøyet for å drifte regionale samarbeidsprosjekt over tid. Difor blei det ferdigstilling av ny strategi for Region Sunnhordland IKS sett på vent, til Sunnhordlandsrådet IPR har handsama ferdig sin overordna strategi.

Regionstrategi Sunnhordland 2040 blir ein overordna utviklingsplan for heile regionen, med blick mot 2040. Strategien skal følgjast opp gjennom 4-årige periodeplanar og årlege handlingsplanar.

Regionstrategien skal handsamast i Sunnhordlandsrådet 29. mai 2026, og deretter skal den sendast til eigarkommunane sine kommunestyremøte for godkjenning.



Arbeidsplassar og næringsutvikling

Sunnhordland er i dag ein av dei fremste verdiskapingsregionane i landet. Den posisjonen må regionen halde på. Kommunar, næringsliv og andre aktørar må jobbe tettare saman for skapa nye jobbar og arbeidsplassar. Dette er avgjerande for vidare vekst og utvikling i regionen.

ARBEID OG AKTIVITET I 2025

- Rådet drøfta behovet for å setje Sunnhordland tydelegare «på kartet» og etterlyste felles verktøy for å synleggjere verdiskaping og styrkar i regionen.
- Sunnhordlandsrådet hadde felles tur til Oslo i januar, kor ein hadde møter med blant anna Hordalandsbenken, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Energidepartement, Kommunal- og distriktsdepartementet og Næring- og fiskeridepartementet.
- 4. april hadde ein felles møte med Hardangerrådet, med fokus på Havbruksmeldinga, Vassområdeutval, Rein Hardangerfjord og Friluftslivets år.
- Rådsordførar møter fast i Invest Im Sunnhordland si kraftgruppa, samt er observatør i Atheno sitt styre.
- Felles tur til Arendalsuka.
- 29. august blei det arrangert i regi Bu i Sunnhordland og Kompetanseforum ei samling med fokus på korleis få dei unge til å flytta heim og korleis leia den unge generasjonen.
- Sunnhordlandsrådet har hatt møter med og besøkt ulike bedrifter i heile regionen, for å lytta til kva politiske saker som er viktig å mobilisere på.
- 5. desember var det fellesmøte med Haugalandrådet. Det blei drøfta kva saker regionen mellom Bokn og Bjørnen bør samarbeide om framover, med vekt på verdiskaping og reiseliv.

PRIORITERTE TEMA I 2025

- Rammevilkår og politisk påverknad for næringslivet
- Kraft og energisituasjon som føresetnad for næringsutvikling
- Reiseliv som del av verdiskaping og omdømebygging



Kompetanse, utdanning og arbeidskraft

Kompetansemangel og generasjonsskifte vil prege regionen i åra framover. Regionen må derfor ha aktive strategiar for å sikre nok arbeidskraft og kompetanse. I tillegg er det viktig å oppretthalde og utvikle nye utdanningstilbod. Her er godt samarbeid mellom region, næringsliv og utdanningsinstitusjonar viktig.

ARBEID OG AKTIVITET 2025

- Rådet drøfta behovet for å styrkje academia og samarbeidet mellom utdanning og næringsliv.
- Rådet peika på at mobilitet og transport er ein føresetnad for å nytte arbeidskraft på tvers av kommunegrenser og byggje ein felles bu- og arbeidsregion.
- Det vart drøfta potensial for meir interkommunalt samarbeid om støttefunksjonar og tenester som kan frigjere kapasitet i kommunane.
- Sunnhordlandsrådet hadde felles tur til Oslo i januar, kor ein hadde møter med blant anna Hordalandsbenken, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Næring- og fiskeridepartementet.
- I starten på året gjennomførte YDDA ein analyse av selskapa Sunnhordlandsrådet, Region Sunnhordland og Geopark Sunnhordland.
- I mars arrangerte Sunnhordlandsrådet felles formannskapskonferanse, med fokus på korleis auke omstillingstakta i helsesektoren.
- Felles tur til Arendalsuka.
- I regi Bu i Sunnhordland blei det arrangert rekrutteringsarrangement i Oslo, Bergen og Trondheim.
- 2. desember blei det arrangert i regi Bu i Sunnhordland og Kompetanseforum «Inkludering i Sunnhordland», som ei forlenging av Vestland fylkeskommune sitt prosjekt «Inkludering i Vestland».
- I regi Kompetanseforum Sunnhordland blei det i mai gitt eit samla innspel til Vestland fylkeskommune, over kva arbeidskraft region manglar på kort og lengre sikt, slik at fylkeskommunen kan rigge rett tal studieplassar og innhald.
- Det er generelt stor etterspurnad etter kompetanse med fagbrev. Kompetanseforum Sunnhordland har difor kvar haust mobilisert elevar ved 10. trinn til å velje yrkesfag. I 2025 hadde me tre ulike arrangement.

PRIORITERTE TEMA I 2025

- Rekruttering og tilgang på arbeidskraft i ein stram arbeidsmarknad
- Samarbeid med vidaregåande opplæring og høgare utdanning
- Inkludering og utanforskap
- Livslang læring og kompetanseutvikling tilpassa næringslivet

Binde regionen saman

Det er ein fordel å vere nær andre menneske og bedrifter. I Sunnhordland er det store avstandar som skil kommunane frå kvarandre. For å utvikle eit felles arbeidsmarknadsområde er det viktig å sikre betre transport- og samferdsletilbod. Det bind regionen saman og gir større nærleik til ulike arbeidsplassar og andre tilbod på tvers av kommunane i regionen.

ARBEID OG AKTIVITET I 2025

- Sunnhordlandsrådet drøfta samferdsel og transport som føresetnad for verdiskaping og tilgang på kompetanse, og peika på behovet for saumlaus transport på tvers av kommunane.
- I møte i oktober vart det løfta fram at strukturelle endringar i vidaregåande opplæring aukar behovet for mobilitet blant ungdom som pendlar mellom kommunane.
- Rådet handsama fråsegner knytt til regional plan for areal og mobilitet i Vestland og konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg.
- Rådet har deltatt på vegkonferansar og deltatt under Arendalsuka.
- Sunnhordlandsrådet hadde felles tur til Oslo i januar, kor ein hadde møter med blant anna Hordalandsbenken, Kommunal- og distriktsdepartementet og samferdselsdepartementet.
- Sunnhordlandsrådet og Haugalandrådet vedtok den 5. desember felles politisk mobilisering for vintersikker E134 og ferjefri E39.

PRIORITERTE TEMA I 2025

E39 og E134 som strategiske transportårer

Ferje- og kollektivtilbod internt i regionen

Strategiske alliansar med naboregionar



Tal og fakta

FRAMHALD AV DRIFTA

Dagleg leiar finn at verksemda er driven i samsvar med, og i medhald av, den samarbeidsavtalen og dei vedtak som gjeld. Dagleg leiar konstaterer at drifta for 2025 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerka midlar frå kommunane til verksemda. For å fremja berekraftig regional utvikling og samarbeid om felles utfordringar og mål er det inngått partnerskapsavtale med fylkeskommunen med ein årleg økonomisk kompensasjon på kr. 600 000,-.

LIKESTILLING, MANGFALD OG ARBEIDSMILJØ

Selskapet har ingen eigne tilsette, sjå gjeldande punkt om sekretariat.

Sunnhordlandsrådet er sett saman av 8 ordførarar frå kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes og består ved utgangen av 2025 av 4 kvinner og 4 menn.

ØKONOMI OG RESULTAT

Dagleg leiar legg fram rekneskapen for 2025. Dagleg leiar meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar, eller uvisse, når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapen for 2025.

REKNESKAPSPRINSIPP

Kommuneregnskapet er finansielt orientert og skal vise all tilgang på og bruka av midlar i året. Inntekter og kostnader skal tidsmessig plasserast i det året som følgjer av anordningsprinsippet.

Anordningsprinsippet betyr at alle kjente kostnader og inntekter i løpet av året som vedrører kommunens verksemd skal framgå i drifts- eller investeringsrekneskapen i året enten de er betalt eller ikkje.

Rekneskapet er avlagt i henhold til god kommunal rekneskapsskikk, herunder kommunale rekneskapsstandardar (KRS) utgitt av Foreningen for god kommunal rekneskapsskikk (GKRS).

NØKKELTAL

Inntektene i 2025 er på kr. 1 323 811,- inkl. finansinntekter. Kostnadane i 2025 er på kr. 974 751,-. Dette gjev eit mindreforbruk på kr. 349 060,-.

REKNESKAPSFØRAR OG REVISOR

Sunnhordlandsrådet IPR har kjøpt rekneskapstenester hjå ECIT Stord AS. RSM Norge AS har revidert rekneskapen og årsavslutninga.

SEKRETARIAT

Dagleg leiar, tilsett i Region Sunnhordland IKS er kjøpt inn som sekretariat for Sunnhordlandsrådet IPR.

BUDSJETTAVVIK

Årsrekneskapen for 2025 for Sunnhordlandsrådet IPR syner eit mindreforbruk på kr. 349 060,-. Mindreforbruket skuldast primært at omfanget av sekretariatstimar blei færre enn først antatt samt innsparing på enkeltpostar i budsjettet.

Tankar om framtida

Sunnhordland står framfor ei tid med store endringar. I dag opplever regionen rekordhøg aktivitet innan olje- og gassektoren, med omfattande ringverknader for leverandørindustri, arbeidsplassar og kommunale inntekter. Samstundes veit me at delar av denne aktiviteten kan avta frå 2027 og utover, når dagens ordrebøker vert tømde og nye prosjekt ikkje nødvendigvis kjem i same omfang.

For regionen kan dette føre til auka konkurranse om arbeidsplassar, press på kommunale inntekter og behov for omstilling både i næringsliv og offentleg sektor. Mange verksemdar i Sunnhordland har bygd høg kompetanse gjennom fleire tiår med leveransar til olje- og gassnæringa. Denne kompetansen vil vere avgjerande når nye marknader og næringar skal utviklast vidare innan energiomstilling, maritim industri, teknologi, havnæringar og grøn industri.

Samtidig har dei siste åra vist kor viktig det er å styrkje samfunnstryggleik og regional beredskap. Gjennom Totalberedskapsåret har kommunar, næringsliv og offentlege aktørar fått auka merksemd om kor sårbare samfunn kan vere – og kor avgjerande samarbeid er når utfordringar oppstår. For Sunnhordland handlar dette både om å vere budd på kriser og om å byggje robuste lokalsamfunn med kapasitet til å handtere omstilling, uvisse og raske endringar.

Utviklinga dei komande åra vil krevje tett samarbeid mellom kommunar, næringsliv, utdanningsmiljø og regionale aktørar. Skal regionen lukkast, må me arbeide målretta for å halde på kompetansen, tiltrekkje nye verksemdar og sikre at Sunnhordland framleis er ein attraktiv stad å bu og arbeide – også når næringsstrukturen endrar seg.

Handlingsrommet finst, men det krev langsiktig tenking og felles prioriteringar. Investeringar i kompetanse, bustadutvikling, infrastruktur, beredskap og samarbeid på tvers av kommunegrensene vert avgjerande for å stå rusta for framtida.

I løpet av 2026 vil det bli gjennomført ein ringverknadsanalyse som skal gi kommunane og regionen eit betre grunnlag for å forstå konsekvensane av endringar i aktivitetsnivået i petroleumsnæringa, og peike på aktuelle tiltak og strategiar for vidare utvikling. Hauglandsrådet IPR vil bli invitert inn i dette arbeidet.

Omstilling har vore ein del av Sunnhordland si historie før, og regionen har vist stor evne til å finne nye vegar når rammevilkåra endrar seg.



Med same vilje til samarbeid, nyskaping og fellesskap kan me òg møte utfordringane som ligg framfor oss – og skape nye moglegheiter for komande generasjonar.

Sunnhordlandsrådet takka Sveio ordførar Andre Mundal Haukås for ein strålende innsats som rådsordførar i perioden 2024-2026. For perioden 2026-2028 ynskjer me Bømlo ordførar Morten Helland velkommen og lukka til i arbeidet som rådsordførar.

Tora Haslum Myklebust

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar
Sunnhordland, 29. mai 2026

T: 412 17 024

E: post@regionsunnhordland.no

Postadresse:
Region Sunnhordland IKS
Postboks 444
5403 Stord

Besøksadresse:
Vabakkjen 6, Stord

Web: regionsunnhordland.no